



Hans Olav Tungesvik på framsida av biografien: Ei forfriskande livsreise.

**Hans Olav Tungesvik var førelesar i Senioruniversitet torsdag. Med meir enn 80 i salen fekk studentane i ei innføring i norsk psykiatri gjennom 50 år. Tungesvik sitt fyrste møte med psykiatrien var tida hans på Valen, fyrst som lærar på realskulen, seinare som assistentlege i 3 år på 1960 talet. Svein Rimestad, som har nokre av barneåra sine på Valen, var ein god lyttar til ein interessann og innhaldsrik psykiatritime.**



[Svein Rimestad i samtale med Tungesvik om tida på Valen på 1950 talet.](#)

Hans Olav Tungesvik ( f. 1936 ) er lege og spesialist i psykiatri. Mange i Kvinnherad kjenner han frå arbeidet på Frihamnsenteret i Skånevik ( 1985 - 2008 ), men også frå tida som leiar i Noregs mållag, som radiolege, som stortingsrepresentant i 8 år og ikkje minst som føredragshaldar og forfattar.

Det var tida på Modum Bad og møte med Gordon Johnsen som førte fram til nye metodar i arbeidet med menneske som slit med stressrelaterte sjukdomar og opplevingar etter overgrep og incest. Alt i 1988 kom boka hans *Det følsame sinn*, boka som målbar nye tankar i psykiatrien. Seinare har det kome 8 bøker med Tungesvik som forfattar. Samtaleterapi, teikning, måling og friluftsliv er sentrale tiltak i behandlingsforma.

Mange av dei frammøtte minnest mykje av det Tungesvik sa frå tida på Valen og om korleis terapien er endra, særleg i åra etter 1960. Far til Svein Rimestad, Søren Rimestad, var lege på Valen i ein 10 års periode frå 1946 til 1956. Svein gjekk tre år i folkeskulen på Valen, før familien flytta til Austlandet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal